



Rekneskap 2018 Budsjett 2019

Sunnfjord vassområde	2019 Budsjett	2018 Rekneskap	2018 Budsjett
UTGIFTER			
Prosjektleiing	430 000	397 705	430 000
Møter, reiser, kurs	70 000	32 277	70 000
Vassanalyser, overvaking	600 000	724 564	1 400 000
Konsulenttenester fysiske inngrep	480 000	236 765	710 000
Konsulenttenester kommunevegar	300 000	0	300 000
Avløpsprosjektet (jf sak 5-2018)	200 000		
Samarbeidsprosjekt i vassområdet	200 000		
Konsulenttenester (Storevatnet)	23 000	7 700	30 788
Totalt	2 303 000	1 399 011	2 940 788
INNTEKTER			
Midlar frå kommunar	-400 000	-400 000	-400 000
Midlar frå fylkeskommunen	-500 000	-409 250	-400 000
Statlege midlar overvaking		-408 000	-192 000
Totalt	-900 000	-1 217 250	-992 000
RESULTAT			
Avsetning(-)/bruk(+) fond	1 403 000	181 761	1 948 788
Saldo pr 01.01.	-3 194 987	-3 376 748	-3 376 748
Saldo pr 31.12.	-1 791 987	-3 194 987	-1 427 960

KOMMENTARAR TIL REKNESKAP 2018

Rekneskapen for 2018 viser at utgiftene ligg innanfor budsjettet som vart vedtatt av vassområdetutvalet 18. april 2018 (sak 4-2018). Konsulenttenester forbygde/kanalisert elvar vart starta opp i 2018, og deler av prosjektet vart fakturert same år, medan resten blir rekneskapsført på 2019. Konsulenttenester vandringshinder kommunale veger hadde ikkje utgifter i 2018. Konsulenttenester (Storevatnet) gjeld utgreiing av fiskevandringstiltak i Flora kommune.

På inntektssida innvilga fylkeskommunen 9 250 kr ekstra i samband med lønsjustering, og Fylkesmannen gav 408 000 kr, dvs. 216 000 kr meir enn budsjettert i tilskot til overvaking.

Det var budsjettert med eit underskot på 1 948 788 kr. Lågare utgifter og høgre inntekter enn budsjettert resulterte i at underskotet vart berre 181 761 kr, som vart dekkja med fondsmidlar. Saldo på fond ved utgangen av 2018 var 3 194 987.



Sunnfjord vassområde

KOMMENTARAR TIL BUDSJETT FOR 2019

Budsjettet for 2019 tar utgangspunkt i prosjektplanen for Sunnfjord vassområde 2016 – 2021, med følgjande tillegg:

UTGIFTER:

- Vassanalyser, overvaking er i prosjektplanen budsjettert med 300 000 kr per år. I budsjettet for 2019 er denne posten auka til totalt 600 000 kr for å dekke slutfaktura på 252 000 kr for konsulentoppdrag med innsjøundersøking, og 48 000 kr til innkjøp av 2-3 konduktivitetmålarar til bruk ved bekkevandring i kommunane.
- Konsulenttenester forbygde/kanaliserte elvar held fram i 2019 og er budsjettert med restbeløp 480 000 kr.
- Konsulenttenester vandringshinder kommunale vegar vart starta opp i 2018, men hadde ikkje utgifter det året. Det er lagt inn 300 000 kr til prosjektet i 2019.
- Avløpsprosjektet kr 200 000 gjeld tilskot frå Sunnfjord vassområde til eit prosjekt som fylkeskommunen gjennomfører i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland. Prosjektet vil hjelpe kommunane med å vurdere i kva grad separate avløpsanlegg forureinar enkelte vassførekomstar. Tilskotet vart innvilga av Sunnfjord vassområdeutval 17.12.2018, sak 5-2018.
- Samarbeidsprosjekt i vassområdet kr 200 000 gjeld innleige konsulent eller kommune til å styre samarbeid om felles forskrift for spreidde avløp, informasjonstiltak mot landbruket med meir.
- Konsulenttenester (Storevatnet) kr 23 000 gjeld utgreiing av fiskevandringstiltak i Flora kommune, og er restmidlar frå eit tilskot frå Fylkesmannen i 2016.

INNTEKTER:

- Bidraga frå kommunane i vassområdet utgjer til saman 400 000 kr, i tråd med prosjektplanen, som er vedtatt av kommunane.
- Fylkeskommunen bidrar med same beløp som kommunane, i tråd med prosjektplanen, men gir i 2019 ei ekstraløyving på 100 000 kr per vassområde, mellom anna for å dekke opp lønsjusteringar.
- Det er signal om tilskot frå Fylkesmannen til overvaking, men beløp er førebels ukjent og vert difor ikkje lagt inn i budsjett.

Det er budsjettert med eit underskot på 1 403 000 kr som blir dekkja med vassområdets fondsmidlar. Dette resulterer at det står att 1 791 987 kr på fond ved utgangen av 2019.